



KOPI

Lindås kommune  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/499 - 19/4777

Saksbehandlar:  
Ottar Myrtveit  
ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no

Dato:  
05.08.2019

## Melding om delegert vedtak - søknad om landingsløyve, Kvingedalen - Kalvedalen

Vi syner til søknad motteke den 05.08.2019  
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr: 108/2019**

Masfjorden kommune gjev Vegard Hodneland landingsløyve for helikopter ved hytta i Kalvedalen gnr 224 bnr 14 i Lindås kommune. Løyvet gjeld for ca 30 løft tur - retur i perioden frå 06.08. til 06.09.2019

- Løyvet gjeld berre for Masfjorden kommune, og er ikkje gjeldande om ikkje Lindås kommune også gjev løyve.
- Løyvet skal vere med i fartøyet under oppdraget.
- Masfjorden kommune skal ha melding om endeleg dato for flyginga når dette er fastsett.
- Airlift har oppdraget og skal varslast om vedtaket.

Grunngjeving: Når det ikkje er mogeleg med anna transtport grunna vanskelege terrenghøve kan ein gi dispesasjon i enkelttilfeller.

### *Klagerett:*

*Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)*

## Saksutgreiing:

### 1. Bakgrunn

Vegard Hodneland søker om løyve til helikoptertransport til hytta si i Kalvedalen på gnr 224 bnr 14. Her er ikkje bilveg fram til hytta og ein finn det mest hensiktsmessig å flyga frå Kvingedalen i Masfjorden. Her er det parkeringsplass/grusplass som har vore nytta tidlegare, og som ma. DNT har nytta. Grunneigar i Kvingedalen, Kjell Ove Torseth, gnr 36 bnr 1 er orientert, og har gjeve løyve til å nytta plassen. Helikopterløftet vil gå frå Kvingedalen til Kalvedalen som ligg rett over grensa til Lindås kommune. Om det ikkje er værtilhøve for flyging nå det høver, gjeld løyvet ein mnd frå 06.08 – 06-09.2019. Ein søker landingløyve for ca 30 hiv med materialer til eigen hytte. Avstand frå Kvingedalen er 6 km i luftlinje. Det er Airlift AS som skal utføra oppdraget, og dei skal varslast om vedtaket.

### 2. Uttale

Søknaden må handsamast etter lov om motorferdsel i utmark § 6: *“Når særlige grunner foreligger, kan kommunen gi tillatelse til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som ellers ikke kan finne sted etter denne lov eller med hjemmel i loven. Tillatelse etter første ledd kan gis for bestemte høve eller for bestemt tidsrom. Kommunen kan sette vilkår for tillatelsen.”*

Masfjorden kommune har brukt å gje løyve til helikoptertransport ved bygging og restaurering av hytter/seterbu når avstandane er store, og det er vanskeleg med andre løysingar. Her er terrenget vanskeleg og med stor avstanden til hytta. Her er ingen andre oppgitte grunnar at ein må ha helikoptertransport. Ein reknar med at her likevel er vurdert alternative løysingar som er meir miljømessige, med grunna topografien er det ikkje noko alternativ. Kring Kalvedalen er her ingen kjende spesielle naturverdiar, og på denne tida ikkje spesielt problem i område m.o.t. vilt eller beitedyr. Ein har difor ikkje kjennskap til informasjon som tilseier at landing får uheldige konsekvensar for dyreliv og biologisk mangfald. Næraste registrert naturtype (Mdir) BN00069124 ligg aust for sørkvingevatnet. Vidare ligg Kalvedalen i INON, Inngrepsfri natur (ID 84989), men vedtaket skal ikkje negativ konsekvens. Kommunen meiner difor at det føreligg ein særleg grunn, jf. § 6 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Kommunen ynskjer attendemelding om flygedato, og stad.

### 3. Konklusjon

Jfr. vedtak.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Ottar Myrtveit  
landbruksrettleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Vedlegg:**

*Søknad om helikoptertransport fra Kvingedalen-Kalvedalen224-14*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Vestland  
Lindås kommune

Njøsavegen 2 6863  
Felles 5914  
postmottak  
Kvernhusmyrane  
20

LEIKANGER  
ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Vegard Hodneland